



Planutvalet, møte 22. juni 2016

Dato
LEIKANGER, 10.06.2016

Arbeidsdokument - Regional plan for vassforvaltning – Oppfølging og revidering av planen – planperiode 2016-2021

1. Innhold i arbeidsdokumentet

Hovudpunkt

- Bakgrunn for arbeidet gir ein oversikt kva ein regional plan for vassforvaltning er, og føringar for arbeidet.
- Status for godkjenning av Regional plan for vassforvaltning 2016-2021, frå Klima- og miljødepartementet
- Tilhøve mellom nasjonale føringar og regional styring (prioritering og prosess)
- Framdrift
 - o Oppfølging av vedteken plan
 - o Revidering av planen
- Organisering av arbeidet for planperioden 2016-2021

Dokumentet gir ein oversikt over status og framdrift for å gjennomføre planen for 2016-2021.

Det gir også ein oversikt over milepelar i samband med å revidere planen for 2022-2027.

Organisering av vassregionen i planperioden 2016-2021 er vektlagt, både for å gi ein oversikt over korleis organiseringa har vore og endringar som vi ønskjer å gjøre.

2. Bakgrunn for arbeidet

Ei berekraftig forvaltning av vassresursane våre bidreg positivt til regional og lokal utvikling. Reint vatn er viktig for fleire satsingar i fylket. Det er vesentleg både for fiskeria og havbruksnæringa. Mange nyttar vatn til industri-, mat og kraftproduksjon. Av omsyn til liv i vatn og brukarinteresser som reiseliv, friluftsliv, rekreasjon og generell livskvalitet er det viktig at uttak av vatn frå vassdraga våre er berekraftig.

Vatnet vert påverka av menneskeleg aktivitet. Den regionale planen for vassforvaltning (også omtalt som vassforvaltningsplanen) gir ei vurdering av tilstanden i vassdraga våre, grunnvatnet, fjordane, og langs kysten. Planen gir oversikt over utfordringar for vassmiljøet som bør løysast i vassregionen. Målet er heilskapleg forvaltning og berekraftig bruk av vassresursane våre. Dette gjer vi ved å sette miljømål for vassførekompstane og å gjennomføre tiltak for å nå miljømåla. Standard miljømål er minst god økologisk tilstand der det ikkje er vedteke lågare miljømål for vassførekompstane. Lågare miljømål er ofte knytt til regulerte vassdrag.

Det er trøng for å betre miljøtilstanden i mange av vassførekompstane våre. Det inneber m.a. å redusere ureining inn til vassførekompstane, rette opp fysiske inngrep ved t.d. fjerne vandringshinder for fisk, endre vassføringsregime i regulerte vassdrag og å redusere negativ biologisk påverknad (t.d. uheldig spreieing av artar som ikkje naturleg høyrer heime i vassførekompstane, lakselus og rømt oppdrettsfisk (dei to siste er ikkje skikkeleg integrert i arbeidet enno)). Planen

viser og at det er stor trøng for å hente inn ny kunnskap for betre å kunne vurdere miljøtilstanden.

Sogn og Fjordane vassregion må ta sitt ansvar for å betre tilstanden i vassførekomstane i regionen. For å få det til må ei rekkje sektorstyresmaktar og kommunar gjennomføre tiltak innanfor sine ansvarsområde. Det er viktig at ulike sektorstyresmaktar og kommunar samarbeider for å nå dei felles miljømåla, t.d. kan rekkjefølgja av tiltak dei ulike sektorane skal gjennomføre vere viktig. Alle bør forankre arbeidet i sine planar, t.d. kommunale planar osv.

Regional plan for vassforvaltning - om planperiode 2016-2021 og planperiode 2022-2027 er den første forvaltningsplanen for Sogn og Fjordane vassregion. Planen, saman med tilhøyrande handlingsprogram og tiltaksprogram, vart vedteke av fylkestinget 8.12.15. Fylka Hordaland, Buskerud, Oppland og Møre og Romsdal har mindre areal i vassregionen og har av den grunn og vedteke planen med tilhøyrande handlingsprogram og tiltaksprogram i desember 2015.

Sjølve planen må godkjennast av Klima- og miljødepartementet. Planen vart sendt over til KLD for godkjenning 21. desember 2015. Endeleg vedtak av handlingprogram og tiltaksprogram vert gjort av Fylkestinga og går ikkje vidare til godkjenning i KLD.

Den endelige planen består av 3 delar 1) Planen vassregionutvalet slutta seg til 2) Vedtak i Fylkestinga 3) Godkjenning av Klima og miljødepartementet. Planen skal reviderast kvart 6. år.

Vedteken regional plan for vassforvaltning skal gjennomførast i perioden 2016-2021. Samstundes vert planen revidert, slik at ein revidert plan for 2022 – 2027 kan vedtakast i 2021.

Vassforskrifta

Innhaldet og prosessen i den regionale planen er styrt av *Forskrift om rammer for vannforvaltinga* (kalla vassforskrifta). Forskrifta heimlar vassdirektivet til EU. Arbeidet er interkalibrert mellom landa i EU, slik at tilstanden for vassførekomstane i dei ulike landa kan samanliknast.

Vassforskrifta peiker ut vassregionmyndigkeit og set krav til etablering av eit vassregionutval. Vassregionmyndigheita kan i samarbeid med vassregionutvalet opprette vassområde. Vassregionmyndigheita skal i samarbeid med vassregionutvalet leggje til rette for at alle interesserte får høve til å delta aktivt i arbeidet, både gjennom utarbeiding, revisjon og oppdatering av forvaltningsplaner og tiltaksprogram.

Vassregionmyndigheita koordinerer arbeidet i vassregionen også på tvers av fylka som har areal i vassregionen. Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmyndigkeit (VRM) for Sogn og Fjordane vassregion. Utarbeiding av dei ulike plandokumenta skal gjennomførast i samarbeid med vassregionutvalet.

Forskrifta set fristar for når Planprogrammet, dokumentet «Vesentleg vassforvaltingsspørsmål» og «Regional plan for vassforvaltning» og tilhøyrande tiltaksprogram skal leggjast ut på høyring. Det er krav om 6 mnd. høyring av plandokumenta. Handlingsprogrammet er berre styrt av plan- og bygningslova med årlege krav til rullering av handlingsprogram og høyringsfrist på min. 6 veker.

Klima- og miljødepartementet (KLD)

I brev av 07.03.16 minner KLD om at vassforvaltning er eit prioritert satsingsområde i 2016. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått ein auke i statlege midlar til arbeidet på 875 000 kr samanlikna med 2015.

Tilråding:

Planutvalet ber om at planen vert gjennomført samstundes som grunnlaget for ein revidert plan vert utarbeid.
--

3. Status for godkjenning av planen frå Klima- og miljødepartementet

KLD har gitt tilbakemelding om at dei tek sikte på å godkjenne dei regionale vassforvaltningsplanane i løpet av juni 2016. Departementet kan i samband med godkjenninga fastsette endringar i planen som er kravd utifrå omsynet til rikspolitiske interesser, t.d. endring av miljømåla i planen og eventuell bruk av unntak frå å nå miljømåla. Ev. endringar må oppdaterast i databasen «Vann-nett» før planen vert rapportert til ESA. I følgje KLD vert alle vassforvaltningsplanane rapportert til ESA i perioden 1. september – 31. desember 2016.

4. Tilhøve mellom nasjonale føringer og regional styring

Planen må ta omsyn til nasjonale føringer. Oversikt over nasjonale føringer ligg i vedlegg 1 i vassforvaltningsplanen for Sogn og Fjordane.

Regionane har m.a. høve til å gjere prioriteringar. Døme på aktuelle regionale prioriteringar:

- Prioritering av tema regionen ønskjer å sette eit sokelys på i planperioden
- Prioritering av innsats opp mot økonomiske rammer vassregionen rår over
- Prioritere når nasjonale og regionale omsyn står opp mot kvarande t.d. regionale planer opp mot nasjonale føringer
 - Døme: I Nasjonale føringer for regulerte vassdrag (brev av 24.01.14 frå KLD og OED) er det sett føringer for fastsetting av miljømål, der t.d. tap av vassdragsproduksjon/ magasinrestriksjonar vert vege opp mot miljøforbetringar. Nasjonale styresmaktar har gjennom revisjonsrapport 49-2013 prioritert kva for vassdrag dette gjeld. Sogn og Fjordane kom ut med 7 vassdrag med høgaste prioritert for tiltak som vasslepp / magasinrestriksjonar, dvs. samfunnssnytten er her vurdert til å vere høgare enn kostnadane i form av redusert kraftproduksjon og regulerbarheit. Dersom ein på regionalt nivå ønskjer ei annan prioritering eller ønskjer å prioritere vassdrag som ikkje står omtalt i planen, må dette grunngjekast i den regionale vassforvaltningsplanen.
- Prioritering av kva for vassdrag regulert til vasskraftproduksjon, som bør få betre miljøvilkår
- Prioritering av viktige oppgåver som bør løysast i regionen
- Prioritering av brukarinteresser, t.d. badevatn, friluftsliv, uttak av vatn til vatning i landbruket, drikkevatn, energiproduksjon etc.
- Prioritering av tiltak
 - Vektlegging av klimatilpassa tiltak
- Prioritering av geografisk område/vassdrag/ fjord/kystområde for t.d. overvaking, tiltak – knytt til økonomiske virkemidlar vassregionen rår over (ikkje prioritering innanfor andre sitt sektoransvar)

Virkemiddel for fylkeskommunen:

- Fylkestinget er vedtaksstyresmakt
- Bruke plan og bygningslova aktivt ved bruk av *planbestemmelser* og arealpolitiske retningslinjer
- Fylkeskommunen har m.a. virkemidlar innanfor fylkesvegar, friluftsliv, reiseliv, folkehelse og innlandsfiske, klimatilpassing – korleis få til gode løysningar for vassmiljøet innanfor dei virkemidlane fylkeskommunen rår over?

Tilråding:

Planutvalet ber om at nasjonale føringer for arbeidet vert tatt med vidare og at det vert lagt opp til regionale prioriteringar når vassforvaltningsplanen vert revidert. Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima.

5.Framdrift

Tabellen under viser framdriftsplan for:

- å gjennomføre vedteken vassforvaltningsplan og tiltaksprogram 2016-2021
- å rullere/revidere handlingsprogram for vedteken vassforvaltningsplan 2016-2021
- å revidere vassforvaltningsplanen for planperioden 2022-2027

Regional plan for vassforvaltning 2016-2021

Målet er at miljømålet vert nådd innan 2021. For å kunne klare det er det krav om at tiltak vert sett i verk innan utgangen av 2018. Det tek ofte tid å gjennomføre tiltak og å få den biologiske effekten av tiltaket. T.d. tek det tid fra ureining er redusert til dyr og planter som naturleg hører heime i vassførekosten vender tilbake. Sektorstyresmakter og kommunar må rapportere til fylkeskommunen på tiltak som er sett i verk i 2018. Fylkeskommunen rapporterer vidare til Miljødirektoratet som igjen rapporterer til ESA innan utgangen av 2018.

Nokre vassførekomstar har fått utsett frist for å nå miljømåla til 2027, ev. 2033.

Regional plan for vassforvaltning 2022-2027

Alle plandokument frå første planfase skal reviderast. Førebelse nasjonale fristar er sett for arbeidet. Dokument som skal reviderast er:

Planprogram – førebels frist for å leggje planprogrammet ut på høyring er 1.1.2018.

Planprogrammet skal konkretisere tema for utgreiingar og vurderingar, og i stortest mogleg grad konkretisere viktige spørsmål og problemstillingar innafor dei einskilde tema. Eit viktig føremål med planarbeidet er å etablere dialog og samarbeid med kommunane, andre regionale aktørar, frivillige laga og organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar. Planprogrammet vil gi ein oversikt over korleis arbeidet er tenkt organisert.

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål - førebels frist for å leggje dokumentet ut på høyring er 1.1.2018. Dokumentet vil peike på viktige utfordringar i vassregionen basert på kunnskapsgrunnlaget. Kva er dei viktigaste påverknadane på vassførekostane. Kva for tema og område bør vi jobbe med i neste planperiode?

Planprogrammet og *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål* vil bli nært kopla saman.

Regional plan for vassforvaltning og Tiltaksprogram – førebels frist for å leggje dokumenta ut på høyring er 1.7.2020. Planen set miljømål, og tiltaksprogrammet skisserer tiltak for å nå miljømåla. Vassområdeutvala gir sine innspel til arbeidet gjennom ein *tiltaksanalyse for vassområdet*. Tiltaksanalysane må vere sendt fylkeskommunen i 2019.

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg eller annakvart år. Handlingsprogrammet inneheld tiltak knytt til prosessen. Tabellen viser oversikt over fristane fordelt på dei ulike åra.

Plandokument	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Regional plan for vassforvaltning 2016 -2021						Miljømål nådd
Tiltaks-program 2016-2021			Frist for å sette i gong tiltak. Status for å sette i gong tiltak vert rapportert til Miljødirektoratet og vidare til ESA innan utgongen av 2018			
Handlings-program (planperiode 2016-2021)	2016 - 2018	Revidert 2017-2018		Revider t 2019-2021		
Regional plan for vassforvaltning 2022 -2027		Handsaming av planprogram og Vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassregionutvalet og FU om hausten	1.1 Høyring av planprogram og Vesentlege vassforvaltnings-spørsmål	Tiltaks-analyse r for vass-områda vert utarbei dd	1.7 Høyring av revidert vassforvaltnin gsplan og tiltaksprogram 2022-2027	Vedtak av vassforvaltning splanen, tiltaks- program og handlings- program

Fylkeskommunen vil følgje opp sektorstyresmaktar som er ansvarleg for å følgje opp tiltak og miljømål i planen og vil koordinere ev. samarbeid mellom etatane.

Arbeidet med å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og revidere planprogram, vesentlege vassforvaltningsspørsmål, regional plan for vassforvaltning og tilhøyrande tiltaksprogram vert gjort i samsvar med nasjonale rettleiarar for arbeidet. Medverknad frå sektorstyresmaktar kommunar, interessentar , lag og organisasjonar er avgjerande for å få ein god plan som vert gjennomført. Ulike forum for samarbeid mellom ulike aktørar går fram av pkt. 6 om organisering av arbeidet.

6.Organisering av arbeidet for planperioden 2016-2021

Det er trøng for å ha ein organisering av ulike samarbeidspartnarar for planperioden 2016-2021. Oppfølging av vedteken plan og revidering av plandokumenta for 2022-2027 krev god samordning og samarbeid mellom ulike etatar. Det må og leggjast til rette for medverknad frå interessantar, lag og organisasjonar. Vi ønskjer og å leggje rette for ein god kopling mellom fag og politikk.

Planprogrammet vedteke i 2011 la føringar for organiseringa for planperioden fram til 2015. Vi ønskjer i stor grad å føre denne organiseringsmodellen vidare, men med nokre justeringar. Vi ønskjer og å blåse liv i temagrupper på lokalt og regionalt nivå. Temagrupper står omtalt i planprogrammet frå 2011.

Sogn og Fjordane vassregion er delt opp i vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Det er tilsett to prosjektleiarar i 100 % stilling hos fylkeskommunen for ein periode på 3 år. Stillingane er eit spleiselag mellom nær alle kommunane og fylkeskommunen. Prosjektleiarane er sekretær for vassområdeutvala og har ansvaret for den daglege drifta av vassområda. Ein prosjektleiar har ansvar for vassområda Nordfjord og Sunnfjord. Den andre prosjektleiarene har ansvar for Ytre Sogn og Indre Sogn.

Under følgjer ei orientering om organisering i vassregionen med presisering om kva vi meiner bør endrast for planperioden 2016-2021. Framlegg til organisering vil inngå i planprogrammet som etter planen vert sendt på høyring innan 1.1.18.

Vassregionmyndigheita (VRM)

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmyndighet for Sogn og Fjordane vassregion. Vassregionmyndigheita har ansvaret for å leie og koordinere prosessen med å gjennomføre oppgåvne i høve til vassforskrifta og ein framdriftsplan jf. § 21 i vassforskrifta. Dette skal skje i nært samarbeid med vassregionutvalet.

Fylkestinget har vedtaksmynde for planprogram, regionale plan for vassforvaltning og tiltakspogram.

Fylkestinget for Sogn og Fjordane gjorde 19.10.2010 m.a. følgjande vedtak om delegering av vassregionmyndigkeit og oppretting av vassregionutval for Sogn og Fjordane:

- *Fylkesrådmannen vert delegert vassregionsstyresmakt/mynde etter vassforskrifta*
- *Fylkestinget vedtek følgjande samansettad av vassregionutvalet:*
 - *2 representantar frå fylkeskommunen (leiar + eit medlem)*
 - *1 representant frå følgjande statlege instansar: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NVE Region Vest, Mattilsynet Regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet Region Vest, Statens Vegvesen Region Vest, Kystverket Vest og evt andre berørte statlege styresmakter.*
 - *1 representant frå kvar av kommunane i Sogn og Fjordane, og evt. andre berørte kommunar/fylkeskommunar.*
- *Leiaren i vassregionutvalet representerer vassregionmyndigheit på møte i vassregionutvalet. På bakgrunn av dette og føringane over kan vassregionutvalet konstituere seg sjølv.*
- *Fylkestinget er positiv til at vassregionutvalet opprettar eit arbeidsutval. Kvart vassområde som vert oppretta bør vere representert i arbeidsutvalet.*

Vassregionmyndigheita skal i samarbeid med vassregionutvalet utarbeide utkast til dei ulike plan-dokumenta.

For planperioden 2016 til 2021 er det ikkje føreslege endringar utover å gi fylkesrådmannen fullmakt til å leggje vassforvaltningsplanane til nabovassregionane ut på høyring. Dette er gjort for å forenkle planprosessen.

Vassregionutvalet (VRU)

Vassregionutvalet er eit samarbeidsorgan og ikkje eit vedtaksorgan. VRU skal vere samansett av representantar frå VRM, øvrige fylkeskommunar, fylkesmannsembete, samt aktuelle sektorstyresmaktar og kommunar og er leia av VRM jf. § 22 i vassforskrifta. Det betyr i praksis at dei etatane som har virkemiddel til å betre vassmiljøet er representert i vassregionutvalet (med unntak av Miljødirektoratet). Medlemar av vassregionutvalet har høve til å få eventuell usemjø om planen attgjeve i planen jf. § 26 i vassforskrifta.

Det er etablert eit samarbeid mellom politisk leiing av vassregionutvalet og administrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune med fleire møte i året. Fylkesmannen som har det faglege ansvaret etter vassforskrifta, vil bli invitert inn til møta, når tema relevant for fylkesmannen er på dagsorden. For valperioden 2015-2019 har vi lagt oss på ein line der leiar og nestleiar for vassregionutvalet møter. Vararepresentantane har vore invitert til dei to første møta med informasjon om vassforskrifta, slik at dei har fått eit grunnlag til å fungere som vararepresentantar.

I Sogn og Fjordane vassregionutval er alle kommunane i vassregionen invitert til å delta (43 kommunar). Vassregionutvalet har om lag 50 medlemar, der mange kommunar etatar møter med 2 personar (politisk nivå og ein administrativ bositjar). Fleire statlege etatar har møtt både med ein leiar og ein sakshandsamar. Dette gir eit stort utval.

Arbeidsutval

Sidan vassregionutvalet er stort med mange medlemar, vart det sett ned eit arbeidsutval som har førebudd saker (plandokument) til vassregionutvalet.

Arbeidsutvalet har vore samansett av Fylkesmannen for Sogn og Fjordane, andre statlege sektorstyresmaktar og vertskommunane for vassområde med politisk representant og prosjekt-

leiарane for vassområда. Arbeidsutvalet vi har i dag har knappe 20 personar. Arbeidsutvalet har vore leia av leiaren for vassregionutvalet. Erfaring frå planperioden 2010-2015 er at saker arbeidsutvalet har drøfta har vore prega av mange fagdiskusjonar. Av den grunn har arbeidsutvalet og hatt eit par møte der berre administrasjonen har delteke. Politisk nivå, særleg frå vassområdeutvala, har i mindre grad møtt til møta. Leiaren for vassregionutvalet har i varierande grad møtt. Møta har då vore leia av administrasjonen. Vi rår til å dele arbeidsutvalet i to einingar, ein administrativ og ei politisk eining.

Målet i den administrative gruppa er å få til ein heilskapleg forvaltning av vassførekomstane og eit godt samarbeid mellom aktørane som samla sett har virkemidlane for å nå miljømåla for vassførekomstane. Tydelege råd til politisk leiing vil vere prioritert. Politisk gruppe vil ha i oppgåve å samordna handlingane mellom vassområdeutvala og mellom vassområdeutvala og vassregionutvalet.

Ei deling av arbeidsutvalet i to krev ein nærmare presisering av roller og oppgåver for begge gruppene. Planprogrammet vil presisere dette nærare.

Regionale temagruppe

Det er ønskjeleg å etablere regionale temagrupper der det er trøng for at ulike aktørar møtast. Nokre temagrupper vart etablert på regionalt nivå i førre planperiode, men var av kortvarig karakter. Det er trøng for å blåse liv i dei igjen ev. etablere nye temagrupper utifrå interesse. Organiseringa er tenkt gjennom ein basisgruppe av sektortyresmakter som knyter til seg interesserantar, lag og organisasjonar når dette er naturleg. Ei aktuell temagruppe er t.d. restaurering av vassdrag/ fysiske inngrep i vassdrag der kjernen er sektorstyresmaktar (FM, NVE, FK), interesserantar er t.d. vasskrafteigarar, FNF, elv/grunneigarlag. Vassområdeutvala etablerer no lokale temagrupper for landbruk og avløp der kommunane deltek saman med t.d. Bondelaget etc. Temagrupper står omtalt i planprogrammet frå 2011.

Regional referansegruppe

Det er etablert ein regional referansegruppe med høyst ulike interesserantar. Det er vanskeleg å få ein slik gruppe til å fungere godt saman. Vi ønskjer for planperioden 2016-2021 i større grad å involvere aktuelle temagrupper. Temagruppene vert gjerne meir spissa i forhold til deira interessefelt.

Figuren under illustrerer organisering i Sogn og Fjordane vassregion 2010-2015. Temagrupper i vassområda er først etablert i 2016.

Vassregion-styresmakt

Fylkestinget

Fylkesutvalet - politisk styringsgruppe

PU - planutval

- ev. drøfting av arbeidsdokument

ADM - koordinere arbeidet etter vassforskrifta

Vassregion

Vassregionutval (VRU)

Alle kommunar, fylkeskommunar, statlege sektorstyresmaktar

Arbeidsutval

Statlege sektorstyresmaktar; FK, vertskommunar i vassområda

Regionale temagrupper

t.d. sjø, fysiske inngrep, overvaking

Regional referansegruppe

Vassområde

Vassområdeutval (VOU)

Kommunane i vassområdet og ev. statlege sektorstyresmaktar når dette er relevant

Sekretariat

Prosjektgruppe

Kommunane adm i vassområdet

Lokale temagrupper t.d. landbruk og avløp

Lokal referansegruppe

Tilråding:

Arbeidsutvalet etablert i perioden 2010-2015 vert omgjort til ei administrativ einig og ei politisk eining. Administrasjonen i fylkeskommunen vil leie den administrative eininga. Den politiske eininga vert leia av leiaren i vassregionutvalet. Den politiske gruppa vi leggje vekt på god koordinering mellom leiing av vassområdeutvala og vassregionutvalet med mål om å få til ein heilskapleg forvaltning av vassførekomstane våre. I tillegg held politisk leiing av vassregionutvalet og administrasjonen fram med førebuande møte for vassregionen/vassregion-utvalet.

I planperioden 2016 til 2021 vert prosessen lagt opp slik at det vert eit tydlegare skilje mellom politisk nivå og administrasjonen.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

Jan Heggheim
fylkessjef for næring og kultur